

# MØTEPROTOKOLL

---

**Utval:** Utval for oppvekst og omsorg  
**Møtestad:** kommunestyresalen  
**Møtedato:** 30.10.2007 **Tid:** 15.00-18.10

---

Innkalling til møtet vart gjort i samsvar med § 32 i kommunelova.

Sakslista vart sendt medlemene og varamedlemene (evt. dei to første varamedlemene på kvar valliste) i brev.

Møtet vart kunngjort i Samningen.

Av 7 medlemmer møtte 7 , inkl. 1 varamenn:

**Desse medlemene møtte ikkje:**  
Kristian Jørgensen

**I staden møtte:**  
Torill Abotnes

**Andre som var tilstade på møtet:** ass.adm.sjef Våge. Einingsleiarar: Anne Fredriksen, Grete Lill Hjarnes, Johannes Tysseland.

## **Merknader:**

Evt. merknader til protokollen må sendast Samnanger kommune innan 3 dagar.

Tysse, 6. november 2007

## **GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE:**

Innkalling og sakslista vart godkjent.

## **MERKNADER TIL SKRIV OG MELDINGAR:**

### **Opplæring**

Einingsleiar i barnehagen, Anne Fredriksen, einingsleiar i Pleie og omsorg, Grete Lill Hjartnes og leiar av kultureininga, Johannes Tysseland orienterte om lovverka som regulerer tenestområdet i sine einingane.

Utvalet fekk utlevert kvar sin perm med det mest sentrale lovverket til dei ulike tenestene som oppvekst og omsorg har ansvaret for. Utvalet vil i kvart møte få ”små drypp” med opplæring.

Einingsleiarane for sosial og skule vil også koma og presentera seg i utvalet.

Utvalet ønskjer også å få besøka dei ulike tenestene i løpet av valperioden.

### **Utveksling Sigowet.**

Ingeborg Hauge og Mari Haugland hadde ein spennande presentasjon om korleis dei opplevde utvekslingstida i Sigowet.

Utvekslingsprosjektet har stor nytteverdi for både elevar og lærarar i både Samnanger, Tonongoi og Resam. Det er ønskje om å fortsette med utvekslinga, og at ein i sør har større fokus på helse.

### **Ballbingen**

Utlysing av ballbingen. Johannes orienterte om prosessen og bad om tilbakemelding på utlysinga. Reglar for nærmiljøanlegg er retningsgjevande for val av plassering. Det skal presiserast at den skal kome fastbuande til gode. Annonsen må redigerast noko.

### **Ættesoga**

Johannes orienterte om Ættesoga og arbeidet til Kvåle. Samningane er svært velvillige og stiller opp med opplysningar. Den vil verte ferdig i løpet av februar. Kvåle kjem i neste møte og orienterer.

### **Kulturplan**

Johannes orienterte om arbeidet og idedugnaden. Trude Løvskar var leigd inn til å leia idedugnaden. Utvalet slutta seg til å ha ein dag med prosessarbeid på planarbeidet.

Administrasjonen avtaler med utvalsleiarane dato for samlinga.

### **Utbygging av ny barnehage på Gjerde**

Ass.adm.sjef orienterte om at byggjesøknad frå Vestlandshus ville verte motteken i løpet av denne veka. Teknisk vil då gjennomføra vanleg prosedyre inkl. nabovarsel, samt senda søknad til Arbeidstilsynet. Bygginga vil starta opp når klagefristane er gått ut.

### **Plan for funksjonshemma**

Denne planen er nærast ferdig og utvalet vil få den til handsaming så snart kommunen har sikra seg areal til utbygging av desse tenestene. Dette arbeidet er snart avslutta.

### **Plan for pleie og omsorgstenesta**

Notat frå Pleie og omsorgsleiar Hjartnes om namnendring på plan for Pleie og omsorgstenesta, datert 24.10.07 saknr. 000103/07, vart delt ut i møtet.

Inge Aasgaard sette fram følgjande framlegg: ”Det vert reist framlegg om at skriv og melding med sak 103/07 vert å sjå på som tilstrekkeleg utgreidd til å verte behandla som eigen sak i OO-møte den 30.10.07. Saka kan då røystas over i nemnde møte.

Det vart røysta over framlegget som vart samrøystes vedteke, og notatet vart handsama som eiga sak: 0018/07.

### **Bustadsosial handlingsplan**

Sekretær for planen, Magda Haugen har i notat datert 25.10.07 orientert utvalet om prosessen i planarbeidet. Utvalet vil få planen til handsaming den 27.11.07.

### **Stadnamn**

Utvalet vart orientert om brev datert 29.10.07 frå Språkrådet – Stadnamntenesta på Vestlandet. Stadnamnkonsulenten har vurdert følgjande to vegsaker i Samnanger:

1. Sævellvegen - som dei kan godkjenne.
2. Tveiteråsvegen – som dei ikkje kan godkjenne, og som bør skrivast Tveitaråsvegen.  
Dette kan påklagast etter gjeldande relgar.

Dette namnevedtaket må difor handsamast på nytt av kommunestyret.

### **UTVALET SITT KVARTER:**

Odd Lønnebakken stilte spørsmål om vedlikehald av ballbingar. Ass.adm.sjef orienterte om at for ballbingar eigd av organisasjonar/stiftingar/velforeiningar har eigarane sjølv ansvaret for sine bingar/anlegg, medan kommunen har ansvaret for dei som er offentlege.

Inge Aasgaard stilte spørsmål om å vera meir offensiv på marknadsføring, t.d. gjera bileta og jubileumsveka meir tilgjengeleg på heimesidene til kommunen. Trude Løvskar orienterte om ulike måtar å gjere dette på. Ho meinte også at det er viktig å sjå dette i ein heilskap på korleis kommunen bør marknadsføra seg.

Desse sakene vart handsama:

## SAKSLISTE

<b>Utvalgssakstype/nr.</b>	<b>Arkivsaksnr.</b>	<b>Tittel</b>
0018/07	06/00103	<b>NAMN PÅ PLAN FOR PLEIE- OG OMSORGSTENESTA I SAMNANGER KOMMUNE.</b>

0018/07

**NAMN PÅ PLAN FOR PLEIE- OG OMSORGSTENESTA I SAMNANGER  
KOMMUNE.**

**Framlegg til vedtak::**

**Handsaming i møte:**

Inge Aasgaard sette fram følgjande framlegg:

”OO sluttar seg til framlegget om namnendring til: ”Plan for pleie og omsorgstenesta i Samnanger kommune 2008-2012.”

Det vart røysta overframlegget som vart samrøystes vedteke.

**Vedtak:**

OO sluttar seg til framlegget om namnendring til: ”Plan for pleie og omsorgstenesta i Samnanger kommune 2008-2012